



# DEN NORSKE KYRKJA

Til Kyrkjerådet

## Høring – ordning for utpeiking av biskopar


Eg vel å gje nokre korte tilbakemeldingar på ein del av hovudspørsmåla som Kyrkjerådet har stilt når det no skal lagast ny ordning for utpeiking av biskopar.

- 1) Eg meiner det bør lagast ei ordning med reint val av biskopar, slik at den som etter ein eller to valomgangar til slutt får 50 % av stemmene, vert peika ut som ny biskop. Reglane for nominasjon etter denne ordninga kan følgje høyringsforslaget pkt 6.2 §2.
- 2) Stemmerett ved val av biskopar bør vere slik det er foreslått i høyringsdokumentet, del 6.2, §4. Likevel slik at alle prostar i landet også har stemmerett, og at det vert laga ei ordning der prostestemmene vert vekta i samsvar med §6 («geistlige nasjonale stemmer skal telle 1/6»)
- 3) Ved val av preses bør i alle fall prostane i landet ha stemmerett, utan at dei vert vekta.
- 4) Dersom det ikkje vert reint val av biskopar, bør tilsetjing av biskopar verte lagt til Kyrkjerådet. Eg kan i så fall i all hovudsak gje mi støtte til reglane som er foreslått i høyringsdokumentet del 6.4. Ei innvendinga er vektinga av stemmene til dei nasjonale prostane. Samstundes som prostane utover i landet bør kunne avgje stemme, verkar det i meste laget at desse stemmene skal telje 1/3. Dette bør reviderast.
- 5) I høyringsdokumentet vert det opna for å drøfte kva nemning ein skal ha på det som i dag vert omtala som preses.

Dessutan må samisk kyrkjeliv sine rettar ivaretakast i samsvar med det som står i pkt 6.2 §4h.

Det er brei økumenisk praksis for å bruke tittelen erkebiskop; også i mange land vi er nært knytta til, for eksempel Sverige, Finland og England. Det er ein tittel som også har førreformatoriske røter i vårt eige land, og som lett vil kunne slå ny rot mellom kyrkjemedlemmene i dag. Det er eit ord som er lettare å skjøne enn «preses». Denne tittelen kan brukast også hjå oss, og Kyrkjemøtet kan sjølv definere kva som skal ligge i ordet, utan at vi i eitt og alt skal vere bundne av korleis tittelen er brukt i nabolanda.

Ulset, 28. februar 2017

  
Øystein Skauge  
prost

**Prosten i Åsane**

Åsane senter 44 – 5116 Ulset

E-post: [os279@bergen.kirken.no](mailto:os279@bergen.kirken.no) ~ Telefon: 55597167. Mobil: 90051359